



Kvinnherad kommune

Kvinnherad kommune
Rådmannen

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
10101970 - 32	
DATO 26 JAN. 2011	
AN	EKSP.

Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL
Tel: 53483100
Fax: 53483130
Org. nr: 964 967 636
Bankgiro: 3460.07.00083
post@kvinnherad.kommune.no
www.kvinnherad.kommune.no

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

Saksbehandlar
Trond Sætereng

Tlf. direkte innval
53483116

Vår ref.
2011/128-2

Dykkar ref.

Dato
25.01.2011

Høring av ny lov om elsertifikater - uttale frå Kvinnherad kommune

Kvinnherad kommune hadde føre forslag til ny lov om elsertifikater til behandling i formannskapet i møte 20.01.2011.

I behandling av sak 006/20.01.2011; "Ny lov om elsertifikater – høring" (vedlagt) vedtok formannskapet rådmannen si tilråding samrøystes.

Med helsing


Trond Sætereng
Rådmann

Vedlegg: Utskrift av møteprotokoll sak 006/20.01.2011 "Ny lov om elsertifikater – høring"

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe **Saksbehandlar**
2011/128-1 Trond Sætereng

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2011/6	Formannskapet	20.01.2011

Ny lov om elsertifikater - høyring

Innstilling frå rådmannen:

Høyringsuttale frå Kvinnherad kommune;

"Regjeringa si varsla satsing på fornybar energi er fornuftig og naudsynt. Kommunen ser behovet for klimavenleg energi og framtidsretta næringa, og er samd med regjeringa i at ei ordning med eit felles svensk-norsk sertifikatmarked er ein god måte å skapa eit grunnlag for ei slik satsing.

Kvinnherad kommune er ein av dei kommunane i Noreg som i svært stor grad har stilt sine naturressursar til storsamfunnet sin disposisjon gjennom å leggja til rette for utnytting av fornybar energi. I tillegg til at denne fornybare energien har bidrege i monaleg grad til leveranse av elkraft i vårt land, har og satsinga bidrege til eit løft for næringsliv og busetnad i kommunen.

Slik regjeringa no har føreslege elsertifikatordninga vil det vera svært mange utbygde og planlagte kraftverk som ikkje får nytta godt av denne ordninga. Det kan Kvinnherad kommune ikkje sjå vil vera eit bidrag til å leggja til rette for utnytting av framtidsretta og klimavenleg energi. Kvinnherad kommune ber difor om at alle kraftverk som hadde byggjestart etter 1. januar 2004 får rett til sertifikat."

Behandling i Formannskapet den 20.01.2011

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Formannskapet den 20.01.2011

Høyringsuttale frå Kvinnherad kommune;

"Regjeringa si varsla satsing på fornybar energi er fornuftig og naudsynt. Kommunen ser behovet for klimavenleg energi og framtidsretta næringa, og er samd med regjeringa i at ei ordning med eit felles svensk-norsk sertifikatmarked er ein god måte å skapa eit grunnlag for ei slik satsing.

Kvinnherad kommune er ein av dei kommunane i Noreg som i svært stor grad har stilt sine naturressursar til storsamfunnet sin disposisjon gjennom å leggja til rette for utnytting av

fornybar energi. I tillegg til at denne fornybare energien har bidrege i monaleg grad til leveranse av elkraft i vårt land, har og satsinga bidrege til eit løft for næringsliv og busetnad i kommunen.

Slik regjeringa no har føreslege elsertifikatorordninga vil det vera svært mange utbygde og planlagte kraftverk som ikkje får nytta godt av denne ordninga. Det kan Kvinnherad kommune ikkje sjå vil vera eit bidrag til å leggja til rette for utnytting av framtidsretta og klimavenleg energi.

Kvinnherad kommune ber difor om at alle kraftverk som hadde byggjestart etter 1. januar 2004 får rett til sertifikat.”

Saksutgreiing:

I høringsbrev 08.12.2010 har Olje- og energidepartementet sendt ut forslag til ny lov om elsertifikat på høyring.

Forslaget er sendt ut på alminneleg høyring samstundes med at departementet arbeidar vidare i tett dialog med Sverige om nærare innhald i samarbeidet. Dette dreier seg ma om spørsmål rundt inngåing av traktat mellom dei to landa.

Olje- og energidepartementet ber om evt merknader innan 1. februar 2011.

Noverande fleirtalsregjering har i si politiske plattform for perioden 2009-13 lagt opp til å leggja til rette for utnytting av meir fornybar energi. Eit av instrumenta som er fastslått er innføring av eit felles sertifikatmarked (grøne sertifikat) med Sverige frå 01.01.2012. Prinsipp for eit slikt sertifikatmarked blei Noreg og Sverige samde om 7. september 2009.

I ovannemnde politiske plattform vert det sagt;

”Regjeringen vil fremme forslag om en overgangsordning fram til et slikt system er på plass. Overgangsordningen skal sikre fortsatt utbygging av kraft etter 07.09.2009. Overgangsordningen skal basere seg på de endelige vilkårene for det svensk/norske sertifikatmarkedet fra og med sertifikatmarkedet starter opp.”

I prosessen fram til bilateral semje mellom Sverige og Noreg 07.09.2009 har regjeringa i Stortingsmelding nr. 11 (2006-2007) lagt opp til;

”I forbindelse med forberedelsene til et felles svensk-norsk elsertifikatmarked ble det etablert overgangsordninger for vannkraft og vindkraft. For vannkraften ble det slått fast at anlegg med byggestart etter 1. januar 2004 ville få ta del i elsertifikatmarkedet dersom de ellers var kvalifisert. Bakgrunnen for overgangsordningen var at det ikke var ønskelig ot aktiviteten stoppet opp i påvente av et elsertifikatmarked.”

No kan det sjå ut som regjeringa gjennom Olje- og energidepartementet går for ei avgrensing i dei grønne sertifikatata, der berre dei minste (med installert effekt inntil 1 MW) blir omfatta av dette frå 2004. Den permanente elsertifikatorordninga vil gjelda for kraftverk med byggjestart etter 7. september 2009, mens den avgrensinga som regjeringa føreslår i overgangsordninga vil bety at minst 150 småkraftverk bygd i perioden 2004 – 2009 ikkje får nytta godt av meirprisen dei grønne sertifikatata gjev. Sertifikata er venta å gje ei ekstra utteljing på omkring 20 øre per kilowatttime.

Etter rådmannen si vurdering vil ein slik endring i overgangsordninga vera svært uheldig i forhold til to forhold. Det eine, og det mest negative, vil vera knytt til politiske lovnader og føringar overfor næringsaktørar. Her er det nok mange lokale grunneigarar, og i stor grad bønder, som i god tru har investert i ei framtidsrette næring. Mange av desse kan no få store økonomiske utfordringar på

grunna av svakare inntening enn det dei hadde grunn til å leggja inn i sine forretningsplanar. Dette vil igjen kunne føra til at fleire av dei nybygde lokale kraftverka blir selde til store energiprodusentar til ein låg pris.

Det andre forholdet er knytt til folk sin oppfatning av folkevalde og den tillit folkevalde nyt blant almuen. Det er all grunn til å tru at ein slik avgrensing som regjeringa her legg opp til, samanlikna med det som er lagt fram i saka tidlegare, vil vera med på å auke mistilliten reint generelt til politiske lovnader.

Rådmannen vil difor rå til at overgangsordninga for rett til elsertifikat vert gjort gjeldande for alle kraftverk med byggjestart etter 1. januar 2004.

Uttale frå Eldrerådet:

Ikkje aktuelt.

Uttale frå Rådet for dei funksjonshemma:

Ikkje aktuelt.

Økonomisk konsekvens:

Truleg ingen økonomisk konsekvens for abonnentane, mens grunnlaget for eigedomsskatt på kraftverk vil auka noko. Eit auka inntektsgrunnlag for grunneigarar vil vera med på å bidra til generell auke i næringsaktivitet og dermed styrka busetnad.

Miljømessig konsekvens:

Positiv miljøeffekt gjennom auke i den delen av elektrisitet som er produsert på grunnlag av fornybar energi.

Vedlegg:

Olje- og energidepartementet:Høringsnotat (forslag til lovvedtak) 08.12.2010 om lov om elsertifikater.